

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.11.2022
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2023**

ARKIVSAK: 2019/7935
STYRESAK: 121/22

STYREMØTE: 07.12.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med 250 mill. kr til totalt 2 048 mill. kr.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.

Oppsummering

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 270 mill. kr.

Fakta

Styret i Helse Vest behandla i møte den 13.06.2022 sak 66/22 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2022. Det blei fatta følgjande vedtak:

- 1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 270 mill. til totalt kr 1 798 mill.*
- 2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
- 3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.*

Kommentar

Helse Vest IKT nyttar allereie låneramma på 1 798 mill. kroner fullt ut. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt 40 mill. kr i kortsiktig likviditetslån frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta for budsjett 2023 vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 200 mill. kr. I tillegg har Helse Vest IKT eit kortsiktig likviditetsbehov på 50 mill. kroner relatert til høgare utbetalingar tidlegare på året. Denne likviditeten skal tilbakebetales i sin heilskap i løpet av 2023.

Det blir her vist til styre i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 051/22 B:

- 1. Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 050/22 D Første utkast budsjett for Helse Vest IKT for 2023 utarbeider og sender til Helse Vest RHF utvida søknad om langsiktig lån på 200 mill. kr.*
- 2. Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 050/22 D Første utkast budsjett for Helse Vest IKT for 2023 utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om kortsiktig likviditetslån på inntil 50 mill. kr. i 2023 som i sin heilhet tilbakebetales i 2023.*

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere 2 048 mill. kroner kor 50 mill. kroner av ramma er føresett ikkje nytta ved utgangen av 2023.

Likviditetsbehovet oppstår som følgje av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka.

Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på likviditeten.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til om administrerande direktør er upartisk.

Helse Vest IKT AS er eit resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom desse verksemdene. Unntaket er dersom det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande som styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår å auke den langsiktige låneramma med 250 mill. kr til 2 048 mill. kroner kor 50 mill. kroner av denne låneramma skal dekke eit kortsiktig lånebehov som er føresett tilbakebetalt i løpet av 2023. Dette inneber at 50 mill. kroner av låneramma ikkje er nytta ved utgangen av 2023.